

150 personar gjekk turmarsj mot vindkraft.

12.05.2019



Turmarsjen mot vindkraft i Kvinnherad på veg mot Mjelkhaug.

**Heile 150 personar møtte fram på søndag for å ta del i DNT og Kvinnherad Turlag sin marsj mot vindkraft på land. Turen gjekk frå Husnesparen til Bremstølen og vidare til Mjelkhaug. Uskedalsfjella er ein del av den nasjonale ramma for vindkraft, utarbeidd av NVE. Områda er definerte som eigna for vindkraft på land.**

Før avgang frå Husnesparken var det appeller frå ordførar Peder Sjo Slettebø, Synnøve Handeland og Marit Aarthun. Marit Teigen hadde innlegg på Bremstølen, før turen gjekk vidare til Mjelkhaug. Eit tiltals deltakarar frå Uskedalen var med protestmarsjen.

Alle er tydelege på at vindkraft ikkje er aktuelt for Kvinnherad. Det er tverrpolitiske semje om å sei nei til vindmøller i kvinnhersfjella. Kvinnherad Turlag er engasjert. Leiar, Kjell Yri, er godt nøgd med frammøte og interessa. Det neste store no vert folkemøte på Husnes tysdag 28. mai der sentrale politikarar er inviterte.



NVE sitt framlegg til nasjonal rammeplan for vindkraft syner at uskedalsfjella er med i planområde.

Store deler av fjella i ytre delen av Kvinnherad er med i nasjonal rammeplan for vindkraft, totalt 22 område på landsbasis. Fjella kring Uskedalen er innafor planområde. Det gjeld Solfjell, Hauglandsfjellet, Tverrfjell, Gråfjell, Ulvanoso, Englafjell og Manen

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kvinnherad Turlag/Kristian Bringedal